



Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Dysjalsandsvegen, frå Lerbrekkvegen til Dysjaland

Vedtak	Dato	Saksnummer
Kommunestyret	18.02.2021	009/21
Endring A	29.08.2024	458/24

1. Planen sin hensikt

Planen sin hensikt er å leggja til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar langs Dysjalsandsvegen. I tillegg skal planen sikra tilkomst for landbruksmaskinar.

2. Krav til søknad om byggjeløyve

2.1 Vassdrag

Tiltak i bekkeløp krev løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Eventuelle inngrep i kantvegetasjon langs vassdraga krev avklaring etter vassressurslove § 11. Løyve frå vassdragsmynde skal leggjast ved søknad om igangsetting.

2.2 Tekniske planar

Tekniske planar for tiltak på og langs fylkesvegnettet, må sendast vegmynde til gjennomsyn.

2.3 Anleggsplan (Pbl § 12-7 nr. 3)

Saman med søknad om igangsetting skal det leggst ved ein anleggsplan. Planen skal blant anna vise midlertidige og permanente omleggingar av trafikkmønster og sykkel- og gangforbindingar. Planen skal visa korleis trafiksikkerheita for gåande og sykklande er ivaretatt, og skal skildra avbøtande tiltak.

3. Fellesføresegner for heile planområde

3.1 Landskapstilpassing

Eldre steingardar og alleiar skal så langt det er mogleg tas vare på. Dersom steingardar kjem i konflikt med tiltaka, skal dei reetablerast langs med vegkant eller i vegrabatt dersom dette er mogleg. Eksisterande større trer som kan oppretthaldast og sikrast tilfredsstillande levevilkår i anleggsperioden og ved ferdig stilt anlegg, skal takast vare på.

3.2 Matjord (Pbl § 12-7 nr. 3)

Matjord skal så langt det er mogleg takast vare på. For areal med dyrka mark som midlertidig eller permanent vert beslaglagt, skal A-sjiktet (matjordlaget) og B-sjiktet (forvitra jord med strukturutvikling) takast vare på. Der matjord må fjernast som følge av tiltaket, skal jordmassane sikrast forsvarleg gjenbruk i nærområdet, primært til jordbruksformål. Jordmassene (A-sjiktet og B-sjiktet) skal takast av og lagrast kvar for seg. Når dei vert nytta til ny dyrka mark, skal jordmassene brukast slik at jordsmonnet oppnår ein tilfredsstillande kvalitet som matproduserande areal. For å unngå jordpakking, skal jordmassene leggjast ut med gravemaskin. Det skal ikkje brukast bulldosar. Under anleggsarbeidet skal det påsast at det ikkje skjer avrenning til Rongjabekken.

3.3 Kantvegetasjon langs vassdrag

Gravearbeid og fjerning av kantvegetasjon bør avgrensast så mykje som mogleg. Der kantvegetasjon vert skada/fjerna på grunn av anleggsarbeid, skal den reetablerast så raskt som mogleg etter tiltak, i den grad det lar seg gjera. Til toppdekke skal det nyttast stadeigne massar. Dette sikrar frøbank og levande plantemateriale frå stadeigne artar. Det øvste jordlaget (øvre 20-30 cm) skal gravast av og lagrast, for og leggast tilbake. Terrenget skal ha en naturleg utforming med kupert overflate for å gjenskapa variasjon i markfuktigheit, topografi og eksposisjon.

3.4 Avkøyrslar

Avkøyrslar er i plankart vist med avkøyrspil, samt som ein del av køyrebane eller med stipla liner for køyrebaneant. Det skal vere fri sikt i avkøyrslar i tråd med kommunale krav.

3.5 Teknisk infrastruktur

Ved graving må det takast vare på eksisterande teknisk infrastruktur innanfor planområdet.

3.6 Anleggsfase

Massar som vert grave vekk skal sidelagrast og førast tilbake der det er mogleg.

Avrenning til vassdrag i anleggsfasen skal avgrensast, eksempelvis ved bruk av sedimenteringsbasseng og/eller siltgardin. Det er viktig at tilhøva i vassdraga ikkje blir ytterlegare forringa som følgje av planlagde tiltak. Naturleg elvebotn må sikrast på aktuelle kryssingspunkt, og det må vere fokus på å hindre tilslamming av elveløpa.

Sikringsgjerde for å verna eksisterande kantvegetasjon langs vassdrag skal settast opp før anleggsarbeid startar.

Anleggsarbeid i tilknytning kryssing av vassdrag skal gjennomførast i tidsrommet juni- september, utanom følsam periode for fisk.

Ved gjennomføring av anleggsfasen skal ein sikra hensiktsmessig drift for landbruk.

Støyrerlinje T-1442 skal følgjast i bygge- og anleggsfasen.

3.7 Kulturminne

Dersom det under anleggsarbeid innafor planområdet vert avdekt automatisk freda kulturminne, skal ein straks stanse opp arbeidet og varsle kulturvernmynde, som omtala i lov om kulturminne § 8, ledd nr. 2.

4. Føresegner til arealføremål

4.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

4.1.1 Veg (SV)

Veg o_SV skal ha fast dekke og belysning.

4.1.2 Kjøreveg (o_SKV1)

Underkant bru over Rongjabekken og Tvihaugbekken skal ha ein kotehøgde minst 0,5 meter over vasstand ved 200-årsflaum.

Ved tiltak i bruer skal skråningane i vassdrag i tilstrekkeleg grad erosjonssikrast. Naturleg elvebotn må sikrast på aktuelle kryssingspunkt.

4.1.3 Fortau (SF)

Fortau skal ha fast dekke og belysning. Det skal vere nedsenka kantstein ved kryssingspunkt.

4.1.4 Annen veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Det kan etablerast bru- og vegrekkverk innanfor areala.

4.1.5 Annen veggrunn - grøntareal (SVG)

Areal o SVG1-2 er sideareal knytt til fylkesvegen. Det skal leggjast til rette for at dei areala som det ikkje er naudsynt å nytta til sideareal for veg kan inngå i tilgrensande landbruksareal.

4.1.6 Gang- og sykkelveg (GS)

Gang- og sykkelveg skal ha fast dekke. Det skal vere nedsenka kantstein ved kryssingspunkt. Gang- og sykkelveg o GS1 og o GS2 kan nyttast som adkomst- og landbruksveg for landbrukseigedomane som ligg langs sterkninga.

4.2 Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (§ 12-5 nr. 5)

4.2.1 Landbruksformål (LL)

Innanfor areala kan det etablerast skråningsutslag og andre nødvendige sideareal til veg. Det skal leggjast til rette for at dei areala som det ikkje er naudsynt å nytta til sideareal for veg kan inngå i tilgrensande landbruksareal.

Steingardar kan etablerast og trer kan plantast innanfor areala.

Innanfor areala som grensar til bekkeløp (VNV01-04) kan det etablerast støttemurar mot bekk. Dersom bruer vert heva skal elveskråningar erosjonssikrast.

For areala vert elles føresegna i kommuneplan gjort gjeldande, dersom dette ikkje strid mot føresegna gitt til denne detaljreguleringa.

4.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (§ 12-5 nr. 6)

4.3.1 Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

Ved tiltak i bekkar skal skråningane i vassdrag i tilstrekkeleg grad erosjonssikrast. Naturleg elvebotn skal sikrast.

Formålet viser eksisterande bekkeløp. Ved fysiske tiltak i vassdrag skal det føreligge løyve frå vassdragsmyndigheit. Det må søkjast om løyve til utlepp av anleggsvann, i høve forureiningslova.

5. Føresegner til omsynssoner (§§ 12-6, 12-7 og 11-8)

5.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone x, x)

5.1.1 Sikringssone – friskt (H140)

I områda skal det vere fri sikt i ein høgd frå 0,5 til 2,7 meter over tilstøytane vegbaner. Enkeltstående trer, stolpar og liknande kan stå i sikttrekanten. Enkeltstående trer i sikttrekanten bør oppstammes slik at trekrona ikkje hindrar sikt.

5.1.2 Faresone – flaum (H320)

Områda viser kor det er fare for 200-årsflaum. Det skal sikrast trygg vassføring i Tvihaugbekken og Rongjabekken.

5.2 Særlige hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c) (sone x, x)

5.2.1 Hensyn grønnstruktur (H540)

Så mykje som mogleg av kantvegetasjonen på staden skal haldast intakt.

6. Føresegner for bestemmingsområde (§12-7)

6.1 Føresegner for bestemmingsområde (område #1)

Innanfor bestemmingsområde #1 skal det opparbeidast overkøyrbart areal i fast dekke etter behov. Bestemmingsområde #1 skal sikre naudsynt svingradius mellom veg o_SV1 og gang- og sykkelveg o_GS2 som trengs i samband med gardsdrifta.

7. Rekkefølgjeføresegner

7.1 Før igangsetjingsløyve

- a. I detaljprosjekteringa:
 - i. Skal det gjerast hydrologiske dataanalysar for å fastslå nødvendig lysopning og andre krav til utforming av nye bruer. Det skal sikrast at det vert minst 0,5 meter klaring mellom vassdrag ved 200-årsflaum og overbygning bru.
- b. Før anleggsarbeid kan starta opp:
 - i. Skal midlertidige sedimenteringsløyningar for anleggsfasen i tilstrekkeleg grad vera etablert, for å hindra tilslamming av elvelaupa.
 - ii. Skal midlertidig sikringsgjerde for å verna eksisterande kantvegetasjon langs vassdrag i anleggsfasen vera satt opp.
 - iii. Skal tiltaka i Tvihaugbekken og Rongjabekken i forbindelse med anleggsarbeidet, avklarast med forureiningsmyndigheitene på førehand, slik at dei kan stadfeste om det er behov for ein tillatelse i samsvar med § 11 i forureiningslova, eller om tiltaket kan reknast som midlertidig anleggsvirksomheit i samsvar med § 8 i same lova.

7.2 Før ferdigattest /før anlegget vert tatt i bruk

- a. Areal som har vore nytta i forbindelse med anleggsarbeid skal førast tilbake til eksisterande kvalitet så fort aktuell bruk høyrer opp.
- b. Tilstrekkeleg trafikktryggleik skal sikrast ved kryssing av Lerbrekkvegen, i form av senka fartsgrense til 50 km/t på fylkesvegen eller andre tiltak.
- c. Fortau på bru skal sikrast med rekkverk.
- d. Det skal vere etablert gatelys på strekninga.